



# MØTEPROTOKOLL OMBODSUTVALET

**Møtedato:** 29.08.2023  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 10:00 - 12:00

## Møtedeltakarar:

| Medlemmer                | Parti | Rolle      |
|--------------------------|-------|------------|
| Renathe Vik              | SP    | Utvalseiar |
| Ståle Kallestad Hesjedal | AP    | Nestleiar  |

| Varamedlemmer | Parti | Rolle      |
|---------------|-------|------------|
| Arne Normann  | KRF   | Varamedlem |

| Forfall                     | Parti | Møtande varamedlem |
|-----------------------------|-------|--------------------|
| Boris Groth                 | FRP   | Arne Normann       |
| Erlend Hesjedal-Johannessen | H     |                    |
| Evy Beate Kvamme            | SV    |                    |

## Andre møtande:

Rikke Haagensen, politisk sekretær

## Saksliste

|               |  |
|---------------|--|
| <b>SAKSNR</b> | <b>TITTEL</b>                                |
| 01/2023       | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE       |
| 02/2023       | GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL                 |
| 03/2023       | Gjennomgang av reglement for politiske utval |



**01/2023: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Ombudsutvalet 29.08.2023**

**Behandling:**

Samrøystes vedteke.

**OMB - sak 01/2023 Vedtak/Tilråding:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**02/2023: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Ombudsutvalet 29.08.2023**

**Behandling:**

Samrøystes vedteke.

**OMB - sak 02/2023 Vedtak/Tilråding:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**03/2023: Gjennomgang av reglement for politiske utval**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Ombudsutvalet gjennomgår gjeldande regelverk og vurderer eventuelle behov for endringar.



## **Fellesforslag lagt inn av Ståle Kallestad Hesjedal (AP):**

Framlegg til endringar i Reglement for kommunestyret

Rådmann blir endra til kommunedirektør alle plassar i dokumentet

Endre pkt 7.2 (ikkje 7.22) til: Etter Open halvtime gir ordføraren ei orientering om saker som kommunestyret lyt vere kjend med og som ordførar og varaordførar har jobba med sidan sist kommunestyremøte. Det er ikkje høve til å stille spørsmål. Eventuelle spørsmål må avventa til uformell spørjerunde, kf. Pkt 18.1. Dette som eit tillegg til ordførar og varaordførar sine opne kalenderar som er å finna på kommunen sine heimesider.

Tillegg til pkt 7.3: Dette som eit tillegg til kommunedirektør sin opne kalender som er å finna på kommunen sine heimesider.

Endre pkt. 19: Endre møtedag til tysdag og starttidspunkt til 10.00. Endre siste avsnitt til: Det er intensjonen at eit av møta (junimøtet eller desembermøtet) skal haldast med ei høveleg avslutningssamkome.

Sjekke at det er brukt kjønnsnøytrale pronomen om ordførar og kommunedirektør.

Endre punkt 25: setje punktum etter "...på kommunen si heimeside" og fjerne det som står etter.

Endre siste setning pkt 3 til: Dersom desse er skrivne ut, skal dei makuerast eller leverast til kommunadministrasjonen etter at sakshandsaminga er ferdig.

Framlegg til endringar i Reglement for formannskap/plan/økonomiutvalet og administrasjonsutval

Pkt 8: Fjerne setningen som satar med "Dokument som ikkje kan offentleggjerast..."

Pkt 7: Endre siste setning til: Møta i formannskapet skal i hovudsak vere tysdagar i tidsrommet 12.00-16.00

Framlegg til endringar i Reglement for levekår

Levekår vert erstatta med levekår og bygdeutvikling alle stader i dokumentet

Pkt 7: Endre siste setning til: Møta i utvala for levekår og bygdeutvikling skal i hovudsak vere tysdagar.

Pkt 9: Fjerne ordet ferie frå andre avsnitt

Reglemnt for godtgjersle for folkevalde:

Pkt 6. Om den midlertidige ordninga med varaordførar i 40% held fram må dette endrast i reglementet.



Ellers må alle dokumentet gjennomgåast slik at dei samsvarar med ny kommunelov. Det bør også verte gjort ein språkvask og prøve å forenkle ein del formuleringar. Der innhaldet er likt for alle tre reglement, bør også ordlyden vere lik, t.d. punktet om forfall. Nummerering av punkta bør også vere lik.

## **Ombudsutvalet 29.08.2023**

### **Behandling:**

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedlegg vedtak vert samrøystes vedteke. Fellesframlegg vart samrøystes vedteke.

### **OMB - sak 03/2023 Vedtak/Tilråding:**

Ombudsutvalet gjennomgår gjeldande regelverk og vurderer eventuelle behov for endringar. Framlegg til endringar i Reglement for kommunestyret

Rådmann blir endra til kommunedirektør alle plassar i dokumentet

Endre pkt 7.2 (ikkje 7.22) til: Etter Open halvtime gir ordføraren ei orientering om saker som kommunestyret lyt vere kjend med og som ordførar og varaordførar har jobba med sidan sist kommunestyremøte. Det er ikkje høve til å stille spørsmål. Eventuelle spørsmål må avventa til uformell spørjerunde, kf. Pkt 18.1. Dette som eit tillegg til ordførar og varaordførar sine opne kalendarar som er å finna på kommunen sine heimesider.

Tillegg til pkt 7.3: Dette som eit tillegg til kommunedirektør sin opne kalendar som er å finna på kommunen sine heimesider.

Endre pkt. 19: Endre møtedag til tysdag og starttidspunkt til 10.00. Endre siste avsnitt til: Det er intensjonen at eit av møta (junimøtet eller desembermøtet) skal haldast med ei høveleg avslutningssamkome.

Sjekke at det er brukt kjønnsnøytrale pronomen om ordførar og kommunedirektør.

Endre punkt 25: setje punktum etter "...på kommunen si heimeside" og fjerne det som står etter.

Endre siste setning pkt 3 til: Dersom desse er skrivne ut, skal dei makuerast eller leverast til kommunadministrasjonen etter at sakshandsaminga er ferdig.

Framlegg til endringar i Reglement for formannskap/plan/økonomiutvalet og administrasjonsutval

Pkt 8: Fjerne setningen som satar med "Dokument som ikkje kan offentleggjerast..."

Pkt 7: Endre siste setning til: Møta i formannskapet skal i hovudsak vere tysdagar i tidsrommet 12.00-16.00



Framlegg til endringar i Reglement for levekår

Levekår vert erstatta med levekår og bygdeutvikling alle stader i dokumentet

Pkt 7: Endre siste setning til: Møta i utvala for levekår og bygdeutvikling skal i hovudsak vere tysdagar.

Pkt 9: Fjerne ordet ferie frå andre avsnitt

Reglemnt for godtgjersle for folkevalde:

Pkt 6. Om den midlertidige ordninga med varaordførar i 40% held fram må dette endrast i reglementet.

Ellers må alle dokumentet gjennomgåast slik at dei samsvarar med ny kommunelov. Det bør også verte gjort ein språkvask og prøve å forenkle ein del formuleringar. Der innhaldet er likt for alle tre reglement, bør også ordlyden vere lik, t.d. punktet om forfall. Nummerering av punkta bør også vere lik.

---